



ÅRSRAPPORT 2020



NYNORSK

Innhold

I.	LEIARENS FRÅSEGN	3
II.	INTRODUKSJON TIL VERKSEMADA OG HOVUDTAL	5
II.1	Verksemda sine føremål.....	5
II.2	Organisasjon	6
II.3	Nøkkeltal.....	7
II.4	Rekneskapsprinsipp.....	8
III.	ÅRETS AKTIVITETAR OG RESULTAT.....	9
III.1	Resultat og måloppnåing.....	9
III.1.1	Mål 1. Riksteatret skal tilby eit scenekunstrepertoar av høg kvalitet, og fremje kunstnarleg utvikling og fornying.....	9
III.1.2	Mål 2: Riksteatret skal byggje fellesskap gjennom eit scenekunsttilbod som er tilgjengeleg, representativt og relevant for publikum i heile Noreg.	13
III.1.3	Mål 3: Riksteatret skal vere ein aktiv samarbeidspartner for ulike aktørar i scenekunstfeltet.....	17
III.2.	Ressursbruk	21
IV.	STYRING OG KONTROLL I VERKSEMADA	24
IV.1	Internkontroll	24
IV.2	Inkluderingsdugnaden.....	25
IV.3	Følgjeprov.....	25
IV.4	Klima- og miljøpolitikk.....	25
IV.5	Kulturelt mangfald	26
IV.6	Likestilling.....	27
IV.7	Etikk	28
IV.8	Revisjonsmerknader frå Riksrevisjonen	28
V.	VURDERING AV FRAMTIDSUTSIKTER	29
VI.	ÅRSREKNESKAP	31
VI.1	Prinsippnote årsrekneskapen.....	32
VI.2	Løyvingsrapportering med noter	33
VI.3	Artskontorrapportering med noter	34
VI.4	Scenestatistikk 2020.....	39

Forside:

Framsyning: Peer Gynt

Med: Ola G. Furuseth, Thea Lambrechts Vaulen, Jan Sælid, Anders Baasmo, Gisken Armand

Regi: Ole Anders Tandberg

Foto: Stephan Mehl

Biletet er frå den første prøveuka under koronapandemien der alle skodespelarane hadde på seg smittevernsutstyr.

I. LEIARENS FRÅSEGN

Kort summert kan ein skildre 2020 slik: Riksteatret kan vise til gode resultat for dei kvalitative måla, men vi nådde ikkje opp på fleire av dei kvantitative måla grunna pandemien som råka heile nasjonen.

Fram til 12. mars turnerte Riksteatret som normalt, og prøver på nye produksjonar gjekk etter planen. Skifte av teatersjef skulle skje 1. april, men vart framskynda til 12. mars ettersom mange avgjerder knytt til handtering av pandemien ville få stor innverknad på dei komande månadene. Alle turneane vart avslutta 12. mars, med dei følgjene det fekk. Vi permitterte ingen tilsette, og frå april gjennomførte vi, under strengt smittevern, oppstart på produksjonar som skulle turnere etter sommaren.

Utover hausten 2020 hadde vi fire turnéproduksjonar på vegen. Restriksjonar med høve til talet på tilskodarar reduserte ein full koronasal til ein tredels faktisk fullsatt sal, der vi møtte folk med store fysiske avstandar seg imellom, og der vart scenekunsten vår verdsatt.

Ein raud tråd gjennom produksjonane våre er kvalitet i alle ledd, både under utvikling og gjennomføring, og bak så vel som på scenen. Utfordringane dette spesielle året ga oss, syntet oss også at organisasjonen er omstillingssyktig og har gode prosessar for problemløsing. Vi har opplevd avlyste turnear og einskildframsyningar, forseinkingar grunna sjukdom og stadig endra krav til prøvesituasjonen for framsyningane.

Kvalitet kan ein måle på ulike vis, og kvalitet kan vere ein faktor i framsyningane vi leverer så vel som i produksjonsapparatet som framstiller dei. Sett under eitt har årets produksjonar hausta gode meldingar frå kritikarane, gode tilbakemeldingar frå publikum og påskjøning frå bransjen.

Repertoaret gjennom 2020 er særstak i høve til tematikkar, estetiske scenekunst-praksisar, målgrupper og format. Tilbodet omfattar produksjonar bygd på klassiske tekstar som Peer Gynt og Sult, både produsert av Riksteatret; barneframsyningar som Verdens nest kuleste forestilling, som er basert på improvisasjon hos skodespelarar og lyd- og lysdesignarar i direkte samhandling med publikum; og Klare, villsvinet og musikkfabrikken, ei ny, sjangeroverskridande framsyning. Dei to siste er samarbeidsproduksjonar med Det Andre Teatret og Oslofilharmonien. Vidare har vi tatt med to framsyningar som har hatt stor suksess i Oslo i årets program: SPKRBOX si Blokk til blokk og Det Norske Teatret si Tante Ulrikkes vei. Dette er framsyningar som fortener eit liv utanfor Ring 3 og er minst like relevant i landlege strøk.

Vi valte å inkludere Heddaprismannen for beste barneframsyning 2019, Mio min Mio i haustens turnéprogram, og vi satsar på å halde fram med å gi heile landet komande Heddaprismannarar. Dette er ein kvalitet i seg sjølv.

To av prosjekta vi gjennomførte, var fornyande i måten ein kan presentere teater digitalt på.

Vi ga nytt liv til vår eiga framsyning Havboka gjennom å omskape ho til film. I samarbeid med profesjonelle filmskaparar omarbeidde kunstnarane bak teaterversjonen framsyninga for kamera i staden for berre å filme ho slik ho var. Dei ville heller bruke filmspråket sine eigne kvalitetar der kameraføring, klipp, lyd og lyssetting speler ei avgjerande rolle for filmen sin kvalitet.

I samarbeid med Statsteatret produserte vi ein eigen live-sending tilpassa ein kontekst der dei fire skodespelarane satt i kvar sin heim (noko vi alle har vorte kjent med via Teams og Zoom) og framførte ein spesiallaga versjon av teaterframsyninga Slaget ved Stamford Bridge.

Trass i at dei kvalitative måla våre vart nådd med produksjonane med omsyn til breidde, relevans, sameining på tvers av demografi, å nå ut til nye publikumsgrupper, styrke integreringsperspektivet mv, må vi diverre slå fast at talet på gjennomførte einskildframsyningar låg 45% under målet, og at publikumstalet berre vart 1/3 av målet. 12. mars, same dag som turnépremieren til Klare, villsvinet og musikkfabrikken skulle ha vore, vart landet stengt ned. Produksjonen fekk såleis berre Oslo-premiere og kom aldri ut på vegen. No vert det arbeidt for at produksjonen skal få nytt liv saman med Oslofilharmonien, som var medprodusent. Suksessframsyninga Tante Ulrikkes vei frå Det Norske teatret skulle ha vore på turné våren 2020, men heile turneen vart avlyst då kulturhusa stengte. Hausten 2020 skulle vi ha turnert med Mio, min Mio, men denne turneen vart avlyst i sin heilskap ettersom den kunstnarlege gjennomføringa av framsyninga ikkje let seg foreine med smittevernkrav som kom i vegen for intimiteten og interaksjonen mellom skodespelarar og publikum som utgjorde eit premiss for produksjonen.

Vi overførte ein tilsett til ei nyopprettet stilling som smittevernsansvarleg med særskilte oppgåver for ivaretaking av tilsette og for å systematisere smittevernstiltak for alle områder som har med drift og turnéverksemd å gjøre. Riksteatret hadde ingen intern smittespreiing korkje hos fast tilsette eller prosjektilsette, og hausten 2020 gjennomførte vi fire landsdekkande turnéar og hadde 134 framsyningar utan smittesituasjonar.

Lokale, regionale og nasjonale råd og påbod gjorde at berre eit særslig redusert tal publikummarar fekk oppleve scenekunsten vår. Likevel meiner vi at det var riktig å gjennomføre turnéane vår for å halde på rolla som profesjonelt teaterkvalitativt tilbod for publikum der det let seg gjøre.

Oslo, 15.3.2021



Arne Nøst

Riksteatersjef



Stephan L. Jervell

Styreleiar

II. INTRODUKSJON TIL VERKSEMDA OG HOVUDTAL

II.1 Verksemda sine føremål

I tildelingsbrevet til Riksteatret for 2020 er målet for verksemda skildra slik:

Løyvinga til musikk og scenekunst bygger opp under dei nasjonale målene for kulturpolitikken om at alle skal få tilgang til et fritt og uavhengig kulturliv av ypperste kvalitet, som fremmer mangfold, inkludering, dannelse og demokratisk deltagelse. Regjeringa ønsker å legge til rette for at musikk- og scenekunstinstitusjonen skal holde høg kvalitet og være verdsatt på sitt felt, både nasjonalt og internasjonalt. Det er viktig at institusjonene arbeider aktivt for å være relevante og representative, for å nå ut til flere med det dei tilbyr. Økt deltagelse vil bygge fellesskap som kan bidra til bedre inkludering og styrket demokrati. Løyvinga skal også legge til rette for et musikk- og scenekunsttilbud som styrker befolkningas grunnlag for dannelse og kritisk refleksjon, gjennom å vekke engasjement og tilrettelegge for meningsbrytning og et mangfold av ytringar.

Målene for løyvinga til musikk og scenekunst i 2020 er å legge til rette for produksjon og formidling av musikk- og scenekunstuttrykk av høg kvalitet, kunstnerisk utvikling og fornyelse og et musikk- og scenekunsttilbud som er tilgjengelig for et bredt publikum.

Riksteatret er statens underliggende verksemnd på scenekunstområdet, og skal innenfor dei målsettingar, rammer og ressurser som til enhver tid er fastsatt av departementet, tilby profesjonell scenekunst i heile landet og supplerer slik det øvrige scenekunsttilbuddet. Riksteatret har som formål å "fremja arbeidet med å føra dramatisk kunst ut til folket i bygd og by og på andre tenlege måtar å auke kjennskapen til god dramatisk kunst", jf. lov om Riksteatret av 13. desember 1948.

Følgende mål gjelder for Riksteatret i 2020:

1. *Riksteatret skal tilby et scenekunstrepertoar av høg kvalitet, og fremme kunstnerisk utvikling og fornyelse*
2. *Riksteatret skal bygge fellesskap gjennom et scenekunsttilbud som tilgjengelig, representativt og relevant for publikum i heile Norge*
3. *Riksteatret skal være en aktiv samarbeidspartner for ulike aktører i scenekunstfeltet*

Målene skal bidra til departementets overordnede mål for løyvingar til kulturformål, og skal følges opp gjennom styringsparametere

Resultatmåla for 2020 er sett opp i samsvar med måla i tildelingsbrevet, og med styringsparametrane Riksteatret har utarbeidt i samråd med Kulturdepartementet.

II.2 Organisasjon

Riksteatret sine administrasjons, produksjons- og framsyningslokale ligg i Nydalen i Oslo. Sidan 2014 har Riksteatret òg delt verkstad med Nationaltheatret på Brobekk i Oslo.

Riksteatret har 72 fast tilsette per 31.12.2020. Total arbeidsstokk utgjorde 102 årsverk i 2020. Dette inkluderer 31 årsverk (delt på om lag 120 prosjekttilsette) som er summen av ulike engasjement, i fyrste omgang frilanskunstnarar. Ved den delte verkstaden på Brobekk er det 1 fast tilsett som har det juridiske tilsettingstilhøvet sitt ved Riksteatret, medan dei andre 14 er tilsett ved Nationaltheatret.

Riksteatret si øvste leiing er:

Teatersjef Arne Nøst (tok over etter Tom Remlov 1.4.2020)

Direktør Knud Bjørne-Larsen

Teknisk sjef Kristin Tunold-Hanssen

Produksjonssjef Ingvild Hellum

Turnésjef Pål Gjersum

Marknads- og kommunikasjonssjef Bente Kolset Apenes

Riksteatret sitt styre:

Stephan L. Jervell, styreleiar

Randi Eek Thorsen, nestleiar

Hannah Wozene Kvam

André Wallann Larsen

Lars Leegaard Marøy

Emnet Kebreab, valt av dei tilsatte


Stephan Mehl, valt av dei tilsatte

Varamedlemar:

Elise Henden varamedlem for Emn et Kebreab

Lars Årdal varamedlem for Stephan Mehl

Organisasjonskart:



II.3 Nøkkeltal

Alle beløp i 1000

Aktivitet og publikumstal	2018	2019	2020	Endring 19-20
Tal på framsyningar	447	441	184	-257
Tal på produksjonar (*)	12	10	9	-1
Totalt publikum	140 111	125 899	33 338	-92 561
Totalt publikum på turné	128 788	112 910	30 722	-82 188
Publikum barn og unge	78 225	72 426	13 506	-58 920

(*) eksklusive gjestespel i Nydalen

Økonomiske nøkkeltal - I	2018	2019	2020	Endring 19-20
Utgiftsløyving, brutto post 01-99	145 249	150 207	132 853	-17 354
Inntektskrav post 01-99	-25 128	-28 356	-10 117	18 239
Nettoløyving	120 121	121 851	122 623	772

Økonomiske nøkkeltal - II	2018	2019	2020	Endring 19-20
Rekneskapsførte driftsutgifter post 01-99	148 185	157 149	132 853	-21 296
Utnyttingsgrad *)	102%	104,6%	100%	-4,6 p.poeng
Rekneskapsførte inntekter post 01-99	-34 611	-31 463	-10 905	20 558
Inntektsoppnåningsgrad	137,7%	109,6%	107,8%	-1,8 p.poeng
Rekneskapsførte nettoutgifter	113 574	125 686	121 948	3 738

*) Muleggjort av kapitalreserven, altså mindreutgifter i tidlegare år.

Økonomiske nøkkeltal - øvrig	2018	2019	2020	Endring 19-20
Utgifter direkte knytt til prosjekta *)	65 195	68 554	47 582	-20 702
Andel prosjektutgifter i % av bruttokost	44%	44%	36%	-8 p.poeng
Samla inntekter	34 611	31 463	10 905	-20 558
Inntekter i % av bruttokostnad	23%	20%	8,2%	-11,8 p.poeng
Snittbillettpris	214,-	195,-	206,-	11,-

*) Utgifter for fast tilsette skodespelarar, sceneteknikarar o.a. er ikkje inkludert i direkte utgifter.

Inntekter	2018	2019	2020	Endring 19-20
Billettinntekter	28 590	24 756	7691	-17 065
Billettinntekter i % av utgiftsløyving	20	16	5,8	-10,2 p.poeng
Sponsorinntekter	1815	1495	813	-682
Sponsorinntekter i % av utgiftsløyving	1,2	1,0	0,6	-0,4 p.poeng

Årsverk	2018	2019	2020	Endring 19-20
Totalt tal på årsverk *)	99,3	107,9	102,0	-5,9

*) Årsverk inkluderer prosjektilsette skodespelarar, teknikarar og kreativt team.

II.4 Rekneskapsprinsipp

Riksteatret fører rekneskapen i samsvar med kontantprinsippet, sjå elles prinsippnota til årsrekneskapen.

III. ÅRETS AKTIVITETAR OG RESULTAT

III.1 Resultat og måloppnåing

Kvar år set Kulturdepartementet mål for Riksteatret gjennom tildelingsbrevet, ref mål 1-3 nedanfor. Styringsparameterne som det skal rapporterast på, vert utarbeidt i samarbeid med departementet. Vidare stiller departementet krav til målemetodar for resultatmåla som vert sette. I dei kvantitative måla som er nemnt under, er internevalueringa utført av kunstnarleg råd og leiargruppe lagt til grunn, i tillegg til tilbakemeldingar frå publikum, kulturhusa, produksjonane sine kunstnarlege team og teaterbransjen for øvrig.

III.1.1 Mål 1. Riksteatret skal tilby eit scenekunstreperstoar av høg kvalitet, og fremje kunstnarleg utvikling og fornying

Styringsparameter 1.1 – Kvalitet i produksjon og formidling

Resultatmål: Verksemda skal vere prega av kunstnarleg vilje, evne og relevans.

I 2020 etablerte Riksteatret RiksLab, ein utvida versjon av det tradisjonelle kunstnarlege råd ved teatra. Her inkluderer ein teatret sine produsentar med kunstnarleg leiing og rådgjevarar, og utover dette vert eksterne kunstnarar invitert med deira idear og katalysatorrolle.

Gjennom RiksLab utfordrar vi eigen kunstnarleg vilje og evne for å skape relevant teater.

Ultimo 2020 iverksette vi eit prosjekt for å invitere inn enda fleire nye stemmer; RiksPitch. Dette vil bli ein konkurranse der etablerte og nye kunstnarar får presentert ideane deira for Riksteatret og samarbeidande scener.

Styringsparameter 1.2 – Variert repertoar

Resultatmål: Riksteatret skal tilby eit breidt spekter av scenekunst, inklusive figurteater, (dans) og musikkteater.

	Resultat 2018	Resultat 2019	Resultat 2020	Mål 2020	Mål 2021
Produksjonar (*)	12	10	10 (*)	10	8-12
Riksteaterproduksjonar	8	7	7	7	4-12

(*) I tillegg kjem 4 digitale produksjonar i 2020

1.2.1 Repertoar

Teater på turné og digitale framsyningar

Som heile landet sitt teater skal Riksteatret til einkvar tid by på eit variert repertoar med eit breidt spekter av scenekunst. Dette året har vi særlig vore opptekne av å invitere til framsyningar som kombinerer musikk og teater på nye måtar, mange av dei med appell til eit yngre publikum enn dei som går i teater til vanleg.

VÅREN 2020

Riksteatret opna teateråret 2020 med ein heilt ny sceneversjon av Knut Hamsun sin «**Sult**» regissert og dramatisert av T. Andersen, med Heddapris-vinnar Preben Hodneland i hovudrolla og med musikalsk medverknad av Tuva Syvertsen. Få bøker har tydd så mykje for så mange som «Sult», og med Riksteatret vart ei kritikerrost tolkning gjort tilgjengeleg for publikum i heile landet. - Med «Sult» vil eg vise at det er menneskeleg å kjenne seg utanfor, sa regissør Anders T. Andersen. I forkant av turnéstart inviterte vi til «Sult etter mening», eit gratis strøymt arrangement frå Litteraturhuset i Oslo, med utdrag frå teaterframsyninga og Finn Skårderud, Linn Ullmann og Peder Kjøs i paneldebatt leia av teatersjef Tom Remlov.

Sunnmøringa Maria Parr si hjartevarme forteljing «**Vaffelhjarte**», om dei to borna som veks opp på ein liten plass i Noreg, har vorte ein moderne klassikar som bok, TV-serie og teater. Riksteatret si nyproduserte familieframsyning, med Odd Nordstoga sin musikk, samla eit stort publikum på tvers av generasjonar til felles teateropplevingar. Pressa skreiv mellom anna: "Treffer rett i vaffelhjertet" NRK, "En hyllest til vennskapet" Vårt Land, "Vemodig og vakkert om oppvekst" Scenekunst.no.

«**Klara, villsvinet og den lille musikkfabrikken**» var ei ambisiøs multimedia-framsyning om den klassiske og akustiske musikken sin eventyrlige verd – ei musikkreise for heile familien med figurteater, animasjon, levande musikkarar og fargerik scenografi tilpassa dei yngste publikummarane. Framsyninga vart produsert av Riksteatret i samarbeid med Oslo-filharmonien, filmselskapet Animando og figurteaterkompaniet Wakka-Wakka. Noreg vart imidlertid stengt ned same dagen som framsyninga skulle hatt turnépremiere i Tromsø, og turneen måtte diverre avlysast. I samband med 100-års-jubileet deira ynskjer Oslo-filharmonien å behalda framsyninga på programmet deira, òg med tanke på utanlandsturné, men for Riksteatret vert det neppe muleg å ta prosjektet opp att igjen.

«**Tante Ulrikkes vei**» av Zeshan Shakar har vore omtalt som ei av dei viktigaste historiene som er skreve om Noreg det siste tiåret. Ei historie frå ein drabantby i Oslo vart til ei historie som gjeld oss alle, same kor i landet vi bur. Det Norske Teatret lagde teater av framsyninga, og Riksteatret ynskte å tilby sceneversjonen til publikum utanfor hovedstaden. Med planlagt turnéstart 17. mars måtte vi naturleg nok avlyse produksjonen, som skulle ha vitja 25 stader.

«**Liv**» med Liv Ullmann og Tom Remlov i openhjarta samtalane skulle ha vore på ein ny turné i dei delane av landet som ikkje fekk besøk hausten 2019. Vi rakk å spele framsyninga for fullsette salar på Nationaltheatret i januar og mars, men måtte avlyse turneen som skulle ha vore i Trøndelag og på Trøndelag Teater i mars og april. I august tok Nationaltheatret opp att framsyninga, og produksjonen vart filma Ein tv-versjon får premiere på norsk og svensk tv påskeaftan 2021. I tillegg er det planlagt eit to veker langt gjestespel på Trøndelag Teater i juni 2021.

DIGITALE FRAMSYNINGAR - TILTAK MOTIVERTE AV PANDEMIEN

Da pandemien råka Noreg og alle turnear måtte avlysast, kunne Riksteatret by på ei digital framsyning av «**Gjengangere**» av Henrik Ibsen. Den kritikarreste framsyninga hadde vore på ein særskilt godt besøkt turné i 2017, men teatersjefen bad Bentein Baardson om å tilrettelege regien sin med tanke på muleg filmatisering. I samarbeid med Applaus Scene vart framsyninga difor filma og gjort tilgjengeleg for skuleklassar. I mars kunne vi tilby han gratis på nett til publikum i heile landet.

Etter nedstengingen i mars gjekk Riksteatret sin nyleg tiltrådte teatersjef óg raskt i gang med å sjå om det var muleg å lage ei filminnspeling av den prislonna teaterversjonen av «**Havboka**» med Jan Sælid. Framsyninga hadde fått strålende kritikkar og mottok to Hedda-prisar. Premisset for innspelinga var å lage eit nytt kunstverk – ein film med utgangspunkt i teaterstykkjet. I lag med Applaus Scene og nokre av landets beste kunstnarar frå film og teater, gjekk vi i gang med innspelinga i april. Premieren fann stad på Vega kino og på nett i september og er fortsatt tilgjengeleg for alle som vil sjå teater i filmkvalitet på skjerm i eiga stue, uakta kor i landet dei bur. Filmatiseringa fekk særskilt gode kritikkar:

«Filmformatet gjør framsyninga intim (...) Det er som å være på havets bunn, i ett med det store og mektige dypet» NRK. «Tyngden og alvoret i Strøksnes' tekst har deg virkelig på kroken etter å ha sett denne filmatiserte framsyninga» Dagsavisen.

Statsteatret sin framsyningsserie med angrep på norgeshistoria har vorte ein «snakkis» for alle som har sett dei. I mai ynskte vi å tilby ein direktesendt live-teaterversjon på nett av ein av dei populære framsyningane i serien: «**1066: Slaget ved Stamford Bridge**». Skodespelarane spelte stykkjet live og saman, men frå kvar sin kant av landet. Per Kjerstad frå Verven i Stavanger, Gard B. Eidsvold frå kjellaren på Centralteatret i Oslo, Cato Skimten Storengen i Hundvåg i Stavanger og Kim Sørensen på Fredensborg i Oslo. Sendinga var eit samarbeid mellom Riksteatret og Statsteatret og vart distribuert på strøymeplattforma for musikk og kultur Vier.live.

Etter ynske frå NTO vart Riksteatret òg vertskap og produsent for årets **Heddaprisutdeling**. Prisutdelinga finn til vanleg stad på ei scene for prisvinnarar og spesielt inviterte. I år var utdelinga gratis og open for publikum i heile Noreg. I lag med programleiar Kari Slaatsveen gjekk vi «backstage» og baud på eit digitalt møte med årets prisvinnarar og nokre av dei beste scenekunstnarane norsk teater har å by på. Regien var ved teatersjef Arne Nøst. Sendinga vart produsert av Riksteatret i samarbeid med Ferdi Film.

HAUSTEN 2020

Haustsesongen opna med «**Peer Gynt**» av Henrik Ibsen. Riksteatret samla nokre av landets fremste skodespelarar i ei ny dramatisering i regi av Ole Anders Tandberg, som ynskte å undersøkje korleis vi oppfattar Peer Gynt når vi kjem tett på han, heime i kjøkkenet hans? Kven er han eigentleg, og kvifor flyktar han alltid frå seg sjølv? Det er ikkje ofte ei teaterframsyning vert motteke med sånn begeistring av publikum og kritikarar: «Glitrende» Dagbladet (6). «Magisk bra» Adresseavisen (6). «En fest» Hamar Arbeiderblad (6). «Grenser til det geniale» VG (5). «En opplevelse» Aftenposten (5). «Usedvanlig morsom (...) Snedig gjort» Dagsavisen(5). «Vi har alle noe av Peer i oss» Harstad Tidende (6). «En sjeldent god Peer Gynt» NRK.

«**Mio, min Mio**» i Hilde Brinchmann sin regi vart kåra til «Årets beste barneframsyning» av Heddajuryen i 2019. Det vart raskt klart for Riksteatret at vi ynskte å vise denne kritikarroste framsyninga for eit større publikum. «Mio, min Mio» har eit helt spesielt format, der publikum sitt på scenen i lag med skodespelarane. Slik smittesituasjonen utvikla seg i haustr, vurderte vi det som uforsvarleg å samle publikum på denne måten. Turneen vart difor utsett til våren 2022.

Riksteatret skal òg by på ny og internasjonal dramatikk. Med «**Pust**» av den britiske dramatikaren Duncan MacMillan bydde vi på vi eit dagsaktuelt teaterstykke om eit ung par som spør seg sjølve om dei kan få barn no som kloden ikkje er til å kjenne att? Dette kritikarroste stykkjet har gått for fulle hus i London og på andre scener i Europa, med særleg relevans for unge vaksne. I Riksteatret si framsyning møtte publikum Axel Bøyum og Kamilla Grønli Hartvig i rollene som det unge paret. Regien var ved Marie Blokhus, som debuterte som regissør for ein hovudsceneproduksjon med denne framsyninga. Ingrid Olava komponerte musikken. Dette var hennar debut som teaterkomponist på ei norsk scene.

Barn fortener å sjå teater som utvider blikket, opnar opp for andre former og gir dei nye teateropplevelingar. Riksteatret innleia difor eit samarbeid med Det Andre Teatret om å lage impro-showet «**Verdens nest kuleste forestilling**» for heile familien, der små og store fekk lov til å avgjere kva som skulle skje på scena. Det Andre Teatret har markert seg som eit av dei mest kreative teatermiljøa i landet. Dei tilfører Riksteatret ei leikeglede som vi vil ta med oss inn i arbeidet med å utarbeide nye teaterprosjekt for barn i framtida. Vi hadde lagt opp til å tilby impro-kurs for barn på alle stadene som fekk besøk av framsyninga, men omsyn til smittevern førte til at dette måtte

avlysast. På fleire av plassane samarbeidde vi med det lokale NAV-kontoret om å gi gratis billettar til familiar som treng ei oppleving.

Don Martin, Fela og Castro har lenge vore markante stemmer i norsk rap. Framsyninga «**Blokk til blokk**» fortel deira oppveksthistorier frå eit fleirkulturelt drabantbyliv. «En opplevelse som er større enn en konsert og rikere enn en vanlig framsyning», skreiv Aftenposten (5) etter premieren på Det Norske Teatret. «Burde vært pensum (...) fortalt av mennesker som kunne ha falt på utsiden av samfunnet», skreiv Morgenbladet. Riksteatret ynskte å tilby denne teaterframsyninga til resten av landet, særleg til unge menneske som elles ikkje går på teater. Vi fekk besøk av H.K.H. Kronprinsen og kulturminister Abid Raja på prøveframsyningar i Nydalen før turné. På turné vart framsyningane sett av eit stort publikum. Mange av dei var elevar i ungdomsskule, vidaregåande og folkehøgskule som hadde fått fribillettar gjennom omfattande billettfordelbodet vårt. Vi innleia òg eit samarbeid med Kronprinsparets Fond om å invitere ungdom frå deira nettverk til framsyninga. Fondet arbeider for å styrke fellesskapet for unge menneske, slik at alle føler at dei hører til og kan delta.

1.2.2 Eit bredt repertoar ved kvart kulturhus

Vi ynskjer å tilby kvar einskilde spelestad eit variert og tilpassa repertoar. Det er stor variasjon i publikumsinteresse og -grunnlag på dei ulike stadene vi speler. Kommunane varierer i folketal frå om lag 3.000 til 110.000. I nær kontakt med den lokale arrangøren tilpassar vi repertoaret til dei lokale tilhøva. Minimumsleveransen (med eit avtalt unntak) er 2 framsyningar for vaksne og 2 for barn/ungdom.

Styringsparameter 1.3 – Utvikling og fornying

Resultatmål a: Riksteatret skal vidareføre utforskning av ulike framsyningsformat, arenaer og speletider.

Resultatmål b: Riksteatret skal gjere nytte av teknikken sin plass som ein del av det kunstnarlege uttrykket ved å ta i bruk ny teknologi og nye produksjonsmetodar.

	Resultat 2018	Resultat 2019	Resultat 2020	Mål 2020	Mål 2021
Urpremierar				2	1-4

Pandemiåret 2020 har stilt krav til nytenking. Slik videokonferansar vart tvinga på samfunnet og førte til at noko mange tidlegare hadde oppfatta som vanskeleg, vart normalisert, slik har òg scenekunsten vorte tvinga til å tenkje nytt, og forsøksvis normalisere nye format, arenaer og speletider.

Da måla vart sett for 2020 tenkte ein fortsatt på utvikling av scenekunsten med den analoge scenen som grunnpmiss. Utvikling med den analoge scenen i botn vil fortsatt prege åra som kjem, men akkurat dette året vart det mykje fokus på digital produksjon og distribusjon.

Vi har sørga for at opptaket av framsyninga Gjengangere frå 2019 vart gjort gratis tilgjengelig for heile landet i pandemiperioden. Dette var ei rask og enkel avgjerd å ta straks samfunnet vart stengt, all den tid opptaket allereie var gjort. Den største utfordringa har vore å skape materiale særlig egsa, eller tilrettelagt, for digital syning. Vi gjorde ein avtale med Applaus Scene AS om å filme Havboka-produksjonen med føresetnad om at framsyninga skulle *gjerast* om til film, og ikkje berre filmast som ei overføring av ein sceneproduksjon. Vidare innleia vi eit samarbeid med Statsteatret om å attskape ein av deira produksjonar digitalt, både med live strøyming som ei ny distribusjonsform og med parallelle digitalsending frå dei fire skodespelarane sine eigne stuer.

Vi har òg brukt året til å utforske det digitale formatet gjennom to framtidsretta samarbeidsprosjekt om virtual reality (VR).

- I samarbeid med Kulturtanken utviklar vi ei mini-framsyning der Riksteatret er kunstnarleg rådgjevar og Kulturtanken handterer den tekniske plattforma. I fellesskap jobbar vi med utfordringane som oppstår i skjeringspunkten mellom ny teknikk og den tradisjonelle skodespelarrolla.
- I samarbeid med VR-selskapet Glitch AS har vi initiert eit samarbeid med Det Norske Teatret og Nationaltheatret, der vi saman skal vidareføre eit prosjekt rundt denne «femte scena»

Gjennom alle desse prosjekta har teknikken funne sin plass både innanfor distribusjon, som ein del av det kunstnarlege uttrykket og som ei presentasjonsform.

Ved sida av denne digitale nytenkinga valte vi òg å turnere med improvisasjonsteater, eit format som ikkje tidlegare har vore produsert ved Riksteatret

III.1.2 Mål 2: Riksteatret skal byggje fellesskap gjennom eit scenekunsttilbod som er tilgjengeleg, representativt og relevant for publikum i heile Noreg.

Styringsparameter 2.1 – Publikumsoppslutning

Resultatmål a: Riksteatret skal spele klassikarar og samtidsdramatikk som set dagsordenen og utfordrar, og fortel historier som foreinar på tvers av geografi og demografi.

Resultatmål b: Riksteatret skal by på stimulerande og engasjerande teateropplevelingar for eit barn- og familiepublikum.

	Resultat 2018	Resultat 2019	Resultat 2020	Mål 2020	Mål 2021
Publikum totalt	140 111	125 889	35116 (*)	105 000	80-120 000
Framsyningar totalt	447	441	215	405	375-440
Publikum på turné	128 788	112 910	30722	100 000	70-100 000
Framsyningar på turné	396	381	184	380	350-440
Publikum barne- og familieframsyningar	78 225	72 426	13506	40 000	25-50 000
Framsyningar for barn og familiar	227	207	94	185	100-200

(*) I tillegg kjem publikum på digitale framsyningar, som på opne strøymingar ikkje er målbare.

Klassikaren Peer Gynt har vorte produsert i eit ute former gjennom åra, og med Ole Anders Tandberg sin versjon har publikum i alle aldrar og på alle stader samla seg og teke særskilt godt imot Peer. Saman med SULT er desse to framsyningane døme på klassikarar som foreinar på tvers av geografi og demografi. Særlig skuleungdom gjekk ut frå salen med eit nytt inntrykk av klassiske tekstar etter å ha sett SULT.

Ved å flytte to framsyningar som opphavleg hadde premiere på Rommen scene ut til Riksteatrets arrangørar, styrker vi ytterlegare Riksteatret sin tradisjon for å sette opp produksjonar som set dagsorden og utfordrar. Framsyningane var Tante Ulrikkes vei og Blokk til blokk.

Med Pust tematiserte vi det å sette barn til verda, og stilte spørsmål ved om det er riktig slik verdsbiletet er i dag. Ein tematikk som utfordra og m.a. fann sitt publikum blant yngre vaksne.

Barn og familiar utgjer ein vesentleg del av Riksteatret sitt publikum, og det har i år vore eit fokus på variasjon i tilbodet, i tillegg til å tilby nye format.

- Aldri før har vi turnert med improvisasjonsteater for barn, det skjedde med Verdens nest kuleste forestilling, iscenesett med Det andre teatret.
- Oslo-filharmonien fylte 100 år i 2020, og i samarbeid med dei og dukketeaterprodusenten Wakka Wakka produserte vi musikkteater med musikkarar frå filharmonien, ein produksjon som gjennom levande musikk, animasjonsfilm og dokketeater ga barn ei stimulerande og engasjerande teateroppleveling .
- Mio, min Mio er produsert slik at publikum flyttar seg frå salen og opp på scenen, kor det er bygd eit amfi rundt scenegolvet. Samtidig opnar framsyninga med at publikum er på scenegolvet og ser på skodespelarane som spelar dels på scena og dels i amfiet. Dette hadde vore eit spennande format å turnere med, men det vart dverre forbundra av pandemien.


Styringsparameter 2.2 – Fordeling av spelestader

Resultatmål: Riksteatret skal ha ei god geografisk fordeling av spelestader.

	Resultat 2018	Resultat 2019	Resultat 2020	Mål 2020	Mål 2021
Spelestader			73	70	65-80

Vi prøver å ha ei god geografisk fordeling av framsyningane. Både i form av at dei fleste landsdelane får tilbod om framsyningar for barn og vaksne, og at dei einskilde produksjonane dekkjer eit så stort område av landet som mogleg.

Fordelinga av produksjonar og framsyningar (planlagt og gjennomført) på fylka var slik:



Dette ga eit publikumsbesøk som fordelte seg slik:



Styringsparameter 2.3 – Publikumsutvikling

Resultatmål a: Riksteatret skal tilby meiropplevingar knytt til framsyninga der det er relevant, gjerne i samarbeid med lokale aktørar.

Resultatmål b: Riksteatret skal få fleire nye publikumsgrupper inn i teatret.

Resultatmål c: Riksteatret skal auke besøksfrekvens for den einskilde publikummar.

Resultatmål d: Riksteatret skal gjere teater tilgjengelig for barn og unge gjennom samarbeid med skulen og Den kulturelle skulesekken.

Resultatmål e: Riksteatret skal ha styrkt integreringsperspektiv i publikumsarbeidet.

	Resultat 2018	Resultat 2019	Resultat 2020	Mål 2020	Mål 2021
Formidlingsarrangement	112	312	54	50	25-75
Publikum på formidlingsarrangement	12898	32704	6589	10 000	5-15 000

Publikumsutvikling er eit permanent, integrert satsingsområde for Riksteatret. Gjennom eigne tiltak og i samarbeid med kulturhusa, søker vi kontinuerleg å styrke kontakten med og kunnskapen om publikummet vårt og å utvide publikumsgrunnlaget.

Ein sentral del av Riksteatret sitt arbeid med publikumsbygging skjer lokalt i samband med den einskilde framsyninga. Våre meiropplevingar utanfor scena etablerer ein tettare dialog med publikum og styrker rekrutteringa. Våren 2020 rakk vi å gjennomføre fleire slike publikumsmøte før pandemien råka oss. I samband med framsyninga Sult, utvikla vi konseptet «Middag for en hundrings» (basert på ein idé frå Bølgen kulturhus), der publikum vart invitert til middag i kulturhuset i forkant av framsyninga. Under middagen fekk gjestene eit foredrag om Hamsun og Sult.

For å rette søkjelyset mot viktige samfunnstema, og samstundes styrke Riksteatret si synlegdom og omdømme, gjennomfører vi kvart år ulike aktivitetar i forkant av utvalde turnear. I 2020 inviterte vi, i samarbeid med Villa Sult, til ei samtale mellom psykiater Finn Skårderud, forfattar Linn Ullmann og psykolog Peder Kjøs om mennesket si svolt etter meinings. Som eit apropos til framsyninga *Peer Gynt*, samla vi nokre av landets kloke hovud til ei samtale om kven vi er når vi skreller av laga og kjem til kjernen av det som tyder mest for oss – både som menneske og som samfunn. Alle desse aktivitetane vart strøymt gjennom ulike kanalar for å nå ut til eit så breitt publikum som muleg.

Som ein del av Riksteatret si satsing på inkludering og mangfold samarbeidde vi i 2020 med ulike organisasjonar og instansar, m.a. Raude Kross og deira prosjekt Fellesverket, Kronprinsparets fond og lokale NAV-kontor.

For å gjere teater enda meir tilgjengeleg for ein yngre del av befolkninga, oppretta vi i 2020 ein eigen billettkategori der alle under 30 år får sterkt redusert pris på dei fleste av Riksteatret sine framsyningar. Ei publikumsundersøking vi gjorde i 2019 syntet nemlig at unge folk nemnte billettpris som ein vesentlig faktor i samband med teaterbesøk. Om lag 8 prosent av våre selde billetter i 2020 var i den billettkategorien.

For å optimalisere marknadsåtgjerda våre implementerte vi i løpet av fjoråret eit nytt innsiktsverktøy. Dette gir oss betre oversikt over og forståing av Riksteatret si mediedekning og aktivitet i eigne kanalar relatert til utviklinga i billettsalet.

SAMARBEID MED SKULAR

Vi utarbeider pedagogisk materiell og gjennomfører skulebesøk i samband med framsyningane våre. Av omsyn til smittevern tilbaud vi i 2020 òg digitale skulebesøk.

Riksteatret tilbyr spesialpris til skuleklassar og fribillettar gjennom DNB og Statnetts billettford.

Ungdoms-, vidaregåande -og folkehøgskular over heile landet søkte i 2020 om til saman 28 680 fribillettar til deira elever gjennom billettfordet. Dette er ei auke på 11 prosent frå 2019. I tillegg til fysisk teater kunne skulane òg søkje om fribillettar til digitale syningar som filmversjonen av Hvboka.

Vi selde 2917 rabatterte skulebillettar finansiert av den einskilde klasse, skulen, kommunen eller fylket. I kor stor grad DKS er involvert i finansieringa av desse bilettane har vi ikkje avdekt. Gjennom dei seinaste åra har vi oppnådd eit godt samarbeid med nokre av dei regionale forvaltarane av Den kulturelle skulesekken. På desse plassane ser vi ei tydeleg prioritering av arbeidet med å gje elevane ei scenekunstoppleving i lag med eit ordinært publikum på eit kulturhus. Andre stader har vi ikkje oppnådd denne effekten.

III.1.3 Mål 3: Riksteatret skal vere ein aktiv samarbeidspartner for ulike aktørar i scenekunstfeltet.

Styringsparameter 3.1 – Kunstnarleg samarbeid

	Resultat 2018	Resultat 2019	Resultat 2020	Mål 2020	Mål 2021
Samproduksjonar der Riksteatret er hovudprodusent	4	5	3	4	2-5
Samproduksjonar med annan hovudprodusent	0	1	1	1	1-2
Framsyningar på samproduksjonar formidla av samarbeidspartner	35	127		50	20-70
Publikum på samproduksjonar formidla av samarbeidspartner	13 962	29 444		20 000	5-30 000
Innkjøpte produksjonar	4	2	2	2	1-2

Samarbeid på kunstnarleg side kan definerast som samarbeid med andre institusjonsteater og frie teatergrupper, og med kunstnarar. Året har medført samarbeid på tvers av alle desse områda. Vi har samarbeidt med institusjonsteater, anten med dei som hovudprodusent eller med Riksteatret som hovudprodusent. Gjennom samarbeidet med Riksteatret har frie teatergrupper fått produksjonane deira sendt rundt i heile landet.

Vidare har Riksteatret eit utstrakt samarbeid med utøvande kunstnarar idet fleirtalet av regissørar, scenografar, lyd- og lysdesignarar, komponistar og skodespelarar som vert engasjert til Riksteatret sine produksjonar, er frilansarar.

For å kunne by på det beste for så mange menneske som muleg over heile landet, er det naturleg for Riksteatret å gå i kompaniskap med andre aktørarar for å samprodusere framsyningar eller formidle

andre teater sine produksjonar på turné. Frå Det Norske Teatret har vi sendt ut «Blokk til blokk». «Tante Ulrikkes vei» skulle på vegen, men vart avlyst. Heddaprissvinnar «Mio min Mio» frå Teatret Vårt i Molde og Nordland Teater skulle vore på haustturné, men vart utsett. I lag med Det Andre Teatret kunne vi for første gang i Riksteatret si historie by på improteater med «Verdens nest kuleste forestilling». Med Oslo Filharmonien, figurteaterkompaniet Wakka Wakka og Animado kunne vi òg by på ein helt ny crossover-sjanger for dei minste. Dette er nybrottsarbeid, både for Riksteatret og dei tre andre aktørane, som kvar for seg ikkje kunne ha lagd det same. Framsyninga «L/V» vart produsert av Riksteatret i samarbeid med Nationaltheatret og var planlagt synt på Trøndelag Teater. Vi innleia eit samarbeid med den Stavangerbaserte teatergruppa Statsteatret, og produserte ein digital, direktesendt versjon av «Slaget ved Stamford bridge». Pandemien har òg sett oss i kontakt med nye kunstnarlege produksjonsmiljø som Applaus Scene AS og Vierlive AS.

I førebuinga av repertoaret for 2021 har vi innleia samarbeid med Hålogaland Teater og Rimfrost produksjoner, slik at vi kan få deira Heddaprissvinnande framsyning om barn og kjønsidentitet, «Tobias og dagen det smalt» på turné. I lag med Haugesund Teater lager vi ein heilt ny teaterkonsert basert på Susanne Sundfør sitt univers. Vi går òg i kompaniskap med Den Nationale Scene og Hålogaland Teater om å levandegjere klassikaren «Don Quijote» for ein ny generasjon. Med Teater Vestland og Det Norske Teatret startar vi eit samarbeid om å få Are Kalvø si nye framsyning «Kalvø toppar VG lista» til eit stort publikum landet rundt.

Styringsparameter 3.2 – Kompetansedeling

Resultatmål: Riksteatret skal være ein kompetansepartnar og bidra til profesjonalisering ved systematisk å dele kunnskap innanfor ulike fagområde.

	Resultat 2018	Resultat 2019	Resultat 2020	Mål 2020	Mål 2021
Hospitantavtalar	16	20	0	15	5-15
Residensopphald*	-	-	0	1	1

*Residensopphald vart teke inn som resultatmål i 2020

Kulturhusa

Riksteatret ynskjer å vere ein kompetansepartnar og bidra til profesjonalisering ved systematisk å dele kunnskap innanfor ulike fagområde. I fleire år har Riksteatret gjennomført ei hospitantordning som fører med seg at administrativt, marknads- og teknisk personale frå kulturhusa vert inviterte til å hospitere i dei respektive avdelingane våre.

Gjennom deltaking på hospitantopphald i marknads- og kommunikasjonsavdelinga har fleire kulturhus fått styrke marknadskompetansen sin og fått auka forståing for Riksteatret sitt publikumsarbeid. I 2020 var det planlagt to større samlingar med hospitantar frå ulike kulturhus.

Regionteatra

Riksteatret har dei siste åra oppnådd ein stor grad av kompetansedeling gjennom vårt nettverk med regionteatra. Her deler vi m.a. kontraktsmalar, produksjonsmodellen, smittevernsplanar, programvareutvikling for planleggingsverktøy m.m.

Riksteatret hadde i 2020 planlagt å invitere teknisk tilsette hos arrangørane våre til å søkje om hospitantopphald hos teknisk avdeling ved teatret. Pandemien sette ein stoppar for dette, og denne aktiviteten let seg ikkje gjennomføre.

Styringsparameter 3.3 – Samarbeid med regionale aktørar

Resultatmål: Riksteatret skal vidareutvikle relasjonen til dei ulike regionale aktørane og ein sterkare grad av ressursdeling.

Kulturhusa

Regionale kulturhus utgjer ein viktig del av grunnmuren i det lokale kulturlivet, og Riksteatret er ein sentral innhaldsleverandør av profesjonell scenekunst til kulturhusa. Riksteatret samarbeider tett med interesseorganisasjonen Norske kulturhus og deira arrangørnettverk. Riksteatrets leiing nytta mellom anna styret i Norsk kulturhus som referansegruppe og rådgjevarar i strategiske spørsmål. I annleisåret 2020 fekk vi god nytte av vårt tette band til kulturhusa og interesseorganisasjonen, mellom anna i samband med utarbeiding av smittevernplanar.

Regionteatra

Samarbeid med regionteatra skjer gjennom samproduksjonar (ref 3.1) der kunsten som vert skapt, får eit breiare nedslagsfelt gjennom syningar både på turné og lokale scener, vidare er òg samproduksjonar økonomisk motiverte gjennom at partane deler på utviklingskostnadane.

Styringsparameter 3.4 – Arrangørutvikling

Resultatmål a: Riksteatret skal ha klare roller, von og krav til arrangørar.

Resultatmål b: Riksteatret skal vidareutvikle arrangørar som samarbeidspartnarar for å byggje teaterinteressa, auke publikumsbesøket og synleggjere Riksteatret totalt.

Resultatmål c: Riksteatret skal ha eit godt samarbeid med Norsk Kulturhusnettverk.

	Resultat 2018	Resultat 2019	Resultat 2020	Mål 2020	Mål 2021
Arrangørkonferansar	6	8	5	7	5-10

Riksteatret har eit stort arrangørnettverk som er samansett av 74 kulturhus over heile landet. Arrangørane spenn vidt med omsyn til lokalisering, storleik og ressurstilgang. Ein fellesnemnar for dei fleste er likevel at Riksteatret er deira viktigaste innhaldsleverandør.

Riksteatret skal vere ein ressurs for arrangørane våre. Vi har ein god dialog med alle, og har regelmessige møter med deira interesseorganisasjon Norske kulturhus. Kvar arrangør har sin eigen faste kontaktperson i marknadsavdelinga vår, og det er tett oppfølging med fokus på publikumsutvikling og billettsal.

Den årlege arrangørsamlinga, og dei regionale samlingane, er viktige møteplassar for relasjonsbygging mellom arrangørane og Riksteatret. Turnépremierane er òg eit godt høve til å møte lokale politikarar, representantar frå skule, bibliotek, kommunens kultursektor m.m. Vi gjennomfører difor vanlegvis fleire møte med slike aktørar frå lokalmiljøet på premieredagane.

I 2020 vart mange av dei fysiske kontaktpunkta våre med samarbeidspartnarar og publikum erstatta med digitale møteplassar. Mellom anna gjennomførte vi vår årlege sesonglansering og arrangørsamling digitalt. Sesonglanseringa vart òg strøymt til publikum. Vi har fått mange positive tilbakemeldingar på dei digitale initiativa våre gjennom fjaråret og vi har teke med oss erfaringar vi kan dra nytte av framover.

Vi har prøvd å være ein føreseieleg og tilgjengeleg støttespelar for kulturhusa i den krevjande situasjonen samfunnet var seg i størsteparten av fjaråret og vi har hatt ekstra fokus på god og kontinuerleg kommunikasjon.

Styringsparameter 3.5 – Partnarskap

Resultatmål: Riksteatret skal utvikle eit kontaktnett av bedriftspartnarar og teatervennar.

3.5.1 Hovudsamarbeidspartnarar

Statnett og Riksteatret inngjekk eit samarbeid i 2019. Gjennom dette samarbeidet er «Statnett – fremtiden er elektrisk» med på å gjere det muleg for 3 500 ungdomsskuleelevar å oppleve scenekunst av høg kvalitet i nærområdet deira. Saman gir vi dei kraftfulle og elektriske opplevingar. Tilsette i Statnett får dessutan 20% rabatt på alle Riksteatret sine framsyningar – uansett kor dei er i landet.

DNB har vore ein god støttespelar for Riksteatret i fleire år. Grunna omfattande omlegging av sponsorverksemda deira, har DNB tatt ei avgjerd om å avvikle avtalane med ei rekke kulturinstitusjonar, mellom anna Riksteatret. 2020 vart difor vårt siste år saman, men med gode opplevingar landet rundt takka vere billettfondet som hjelper elever ved vidaregåande opplæring og høgskular.

For å halde fram med å tilby scenekunst av høg kvalitet dei kommande åra er vi stolte av å presentere ein ny partnar. I lag med **Sparebankstiftelsen DNB** har vi no høve til å tilby 8 000 elever teateropplevingar dei to førstkommande åra. Gjennom billettfondet vårt vert det difor framleis mulig for lærarar ved vidaregåande opplæring og høgskular å søkje om fribillettar til klassen når Riksteatret kjem på besøk. Samarbeidet starta 01.01.2021 og har ei varigheit på 2 år.

Å sjå profesjonelt teater på kveldstid i lag med eit ordinært, teaterglad publikum gir ungdommar ei unik erfaring. Slik har dette økonomiske bidraget sørga for å bygge teaterinteresse hos ein av dei aller viktigaste publikumsgruppene våre – framtida sine teaterentusiastar.

3.5.2 Andre samarbeidspartnarar

Riksteatret sin samarbeidsavtale med **Coop** gir oss eit unikt høve til å kommunisere direkte med 1,6 millionar potensielle publikummarar over heile landet. Coop er eigd av kundane gjennom deira medlemskap i eit av 102 samvirkelag i Noreg. Som medlem i Coop får du 30% avslag på alle Riksteatret sine framsyningar. Vi ser at samarbeidet medverkar til ein positiv effekt på salet over heile landet.

I 2020 gjekk Riksteatret inn i et samarbeid med **LOfavør** – fordelsprogrammet for alle medlemmar av eit LO-forbund. Med 950 000 medlemmar er dette eit av Noreg sine største fordelsprogram med gunstige og trygge avtalar for deg i privatlivet. Som medlem av LOfavør får du 20% avslag på alle Riksteatret sine framsyningar.

Riksteatret samarbeider òg med andre aktørar som **ARK, Bokklubben, Delta, Kulturforbundet i Delta og Norges Bibliotekforening**. Medlemmane får 20% rabatt på alle Riksteatret sine framsyningar. Riksteatret har over fleire år hatt eit tett samarbeid med **Teatervenner Norge**. Organisasjonen vart nedlagt i 2020, men Riksteatret kjem til å oppretthalde dialogen med fleire av dei lokale ambassadørane, som nå vert vurderte som private eldsjeler.

III.2. Ressursbruk

Netto driftskostnad (post 01)

	2018	2019	2020	Budsjett 2021
Netto driftskostnad (*)	82 990	88 595	85 271	85 223
Del av totalkostnad	56 %	56 %	64%	64%

(*) 2018 ligg kunstig lavt ettersom det både vart bokført høge NAV-refusjonar samt ein kostnadsreduksjon grunna utleie av personale i 2017.

Oppdelinga av kostnadane våre i netto driftskostnad og brutto prosjektkostnad kan gi eit skeivt bilet av kva middel som går direkte til teaterproduksjon. 65 % av posten netto driftskostnad går med til løn for fast tilsette teaterteknikarar, skodespelarar, produsentar, turnekoordinatorer og marknadspersonale samt utgifter til marknadsføring og kjøp av teaterteknisk utrustning. Vidare inkluderer posten husleige for teatersalane og verstadene våre.

Brutto prosjektkostnad (post 21)

	2018	2019	2020	Budsjett 2021
Utgifter direkte knytt til prosjekta	65 195	68 554	47 582	48 734
% av teatret sin totalkostnad (brutto)	44 %	44 %	36%	36%

Årsverk fordelt på funksjon

	2018	2019	2020	Budsjett 2021
Kunstfagleg personale, årsverk	71,7	79,2	74,1	74
Adm. personale, årsverk	24,6	25,7	24,9	25
Driftsteknisk personale, årsverk	3	3	3	3
Sum antal årsverk	99,3	107,9	102,0	102,0

I tabellen er kunstfaglig personale oppgitt etter NTO sin definisjon, dvs. at teaterteknisk personale, produsentar og dramaturg er inkludert her.

Auken i årsverk frå 2018 til 2019 skuldast i hovudsak endring i definisjonen av utførte årsverk, fastsett av Kommunal- og moderniseringsdepartementet, jf. Personalmelding: PM-2019-13. Endringa medfører mellom anna at sjukefråvær og overtid vert tellt med, ulikt tidligare praksis.

Utvikling i talet på fast tilsette per 31.12.


	2018	2019	2020	Budsjett 2021
Talet på fast tilsette	74	76	72	73

I 2019 og fram til 1. april 2020 hadde vi ein overlappingsperiode mellom teatersjefar. Ein kunstnarleg konsulent som var tilsett i avtroppende teatersjefs periode, slutta òg. Vidare gjekk Riksteatret sin siste fast tilsette skodespelar av med pensjon i 2020, og Riksteatret sin dramaturg gjorde det same. Sistnemnde vert erstatta av prosjektilsette dramaturgar ved behov. Difor gjekk talet ned til 72 per

31.12.2020. På grunn av ein overgangsperiode mellom nokre slutta og nyt tilsette på teknisk avdeling er vi per 01.01.2021 på 73 fasttilsette og vi reknar med å ligge på dette talet i heile 2021.


Bruk av skodespelarar

Grafen under syner utviklinga i talet på skodespelardagsverk utførte på framsyningar. Det vil til dømes seie at ein produksjon/framsyning med 4 skodespelarar som vert spelt 20 kveldar fører til 80 skodespelareksponeeringar. Tabellen syner ein klar nedgang dei siste åra, ein tydeleg konsekvens av strammare produksjonsbudsjett.




Ensemble

Grafen under syner talet på tilsette (midlertidige og faste) skodespelarar kvart år. Riksteatret har nå berre prosjektilsette skodespelarar. I 2014 var det seks fast tilsette, mens det frå 2021 ikkje er nokre fast tilsette.




Snitt skodespelarar pr. produksjon

Denne grafen syner snittalet på skodespelarar per produksjon.




Framsyningar

Talet på framsyningar har falt dei siste åra, som ein konsekvens av reduserte rammer, noko som kjem fram av grafen under.



Framsyningar per produksjon

Eit vesentleg kostnadssparande tiltak er å utnytte kvar produksjon til å bli synt fleire stader. Grafen under syner veksten i talet på framsyningar per produksjon. Dette gir samstundes eit redusert tilbod på dei einskilde spelestadene.



IV. STYRING OG KONTROLL I VERKSEMDA

IV.1 Internkontroll

Intern styring

Grunnmuren i Riksteatret si styring er ein produksjonsmodell spesielt utvikla for Riksteatret. Dette er ein modell som nokre regionteater no har kunne kopiere, og dermed nyter dei godt av det arbeidet Riksteatret har lagt ned i utvikling av modellen. Her inngår faste avgjerdspunkt der leiargruppa samlast gjennom livsfasen til prosjektet. Modellen tek oss gjennom prosessen frå utgreiing i forkant til læring i etterkant via avgjerdsmøte i leiargruppa i lag med produksjonen sin produsent. Einskilddelane utgjer etablering (der produsenten får mandatet sitt), konseptgodkjenning, detaljgodkjenning, statusrapport og refleksjon. Alle område vert evaluerte i etterkant, og kvar sesong vert summert ved at leiargruppa gjer reie for læringspunkt frå den tilbakelagte sesongen overfor heile organisasjonen.

Økonomistyringa vert kopla inn allereie i utredninga, der alle produksjonar halvanna år fram i tid fortløpande vert skisserte og justerte. Vidare er ansvarslinjene tydeleggjort gjennom produsentrolla, som er økonomisk ansvarlig for kvar produksjon, og det vert ført fortløpande oppfølging av avvik.

Det som er nemnt over har gjort Riksteatret sin organisasjon særslig egna til å gjennomføre oppgåvene sine. Vidare har fokus på repertoarsamansetning, og ein kontinuerlig kontroll opp mot marknadshøva og produsentane si gjennomføring, sikra at ein når måla.

Risikoområde

Repertoarverksemda er området med høgast risiko, men òg det området der høg risiko er akseptabelt, eller ein kan òg seie at høg risiko nesten er naudsynt i kunstverksemdu. Dei avgjerande faktorane er val av repertoar med tanke på appell, aktualitet, relevans m.m. og rollebesetning.

Vi kategoriserer finansiering som ein middels risiko fordi det ligg ei uvisse i billettinntektene, som utgjer nesten 20 % av finansieringa vår. Bidrag frå næringslivet utgjer ein monaleg mindre del, rundt 1,5 %, men her har risikoen for bortfall av inntekter auka i takt med næringslivet sitt fokus på direkte avkastning (kall det gjerne «klikk-for-likes»-effekten) framfor samfunnsansvar og relasjons- og omdømmebygging.

Generelt vert det jobba med å redusere risiko gjennom sterk styring av kostnadssida, og stor vektlegging av repertoarsamansetning og marknadsføring av produksjonane.

For 2021 utgjer koronapandemien ein vesentleg risiko i høve til å nå måla med omsyn til talet på gjennomførte framsyningar og billettsalet.

IV.2 Inkluderingsdugnaden

- Fellesføringar frå Kommunaldepartementet

Alle etatar skal i årsrapporten gjere greie for korleis etaten er innretta for å nå måla i regjeringa sin inkluderingsdugnad, dvs målet om at minst 5% av nyleg tilsette i staten skal ha nedsett funksjonsevne eller hol i CV-en. Riksteatret tilsette færre enn fem personer i faste stillingar i 2020, dvs at eit einskild år ikkje kan leggast til grunn for å vurdere om ein har nådd måla.

Måler vi over den siste femårsperioden, har Riksteatret tilsett personer med hol i CV-en, og gjennom det nådd målsettinga.

Når det gjelder personar med nedsett funksjonsevne, får ikkje teatret søker der dette vert nemna spesielt. Det kan bety to ting: Personer med nedsett funksjonsevne søker seg ikkje til oss, eller dei opplyser ikkje om at dei har nedsett funksjonsevne i søknaden. Det kan delvis kome av at verksemda vår er forbunde med mykje reising og fysisk arbeid.

Vinteren 2020 inngjekk Riksteatret ein avtale med ein person som hadde falt ut av skulen om at hen kunne gjennomføre arbeidstrening på teatret, støtta av NAV. Personen skulle ha byrja same dag som teatret vart stengt ned i mars som følge av pandemien. Hen måtte difor snu på veg til jobb, og vi kom ikkje i ein situasjon der vi kunne ta opp igjen arbeidstreninga før sommaren. Hen byrja på skule sist haust, men vi har fortsatt kontakt med intensjon om å gjennomføre arbeidstrening på ein seinare tidspunkt.

IV.3 Følgjeprov

Alle med følgjeprov får fribillett til Riksteatrets framsynningar. Tilbodet vert synleggjort på linje med alle andre priskategoriar og vi opplever at ordninga er godt kjent blant publikummet vårt. Vi oppmodar òg spelestadene til å gjere denne billettkategorien lett tilgjengeleg og synleg. I 2020 delte vi ut 126 fribillettar til publikum med følgjeprov.

IV.4 Klima- og miljøpolitikk

Teaterbransjen sette rett i forkant av koronaepidemien fokus på klimaspørsmåla i teaterproduksjonen, og arbeider nå med eit grønt vegkart for bransjen. Både Riksteatret sin teatersjef og direktør inngår i Norsk Teaterleiarforum sitt arbeidsutval, og held auge med denne prosessen.

Dei viktigaste klima- og miljøutfordringane ved Riksteatret si verksemd er som følgjer:

Transport: Riksteatret sin turné reiser landet rundt med bussar som går på diesel, og utgjer dermed ei utsleppsutfordring. Kvart 5 år utlyser vi eit anbod for busstransport. Ved sist utlysning vart bussar som gjekk på straum eller hydrogen vurdert, mangel på lade-/fyllestasjonar og store avstandar gjorde bruk av slike busser umogleg i praksis. Vi vil vurdere dette igjen ved neste anbodsrunde.

Scenografi: Riksteatret produserer kostymer og scenografi som etter kvar turné i stor grad vert destruerte. Gjennom å stille miljøkrav til scenografar har det no vorte ei auke (om enn lita) i bruken av resirkulerbare materiale og gjenbruk. Her venter vi ein større effekt straks eit bransjesamarbeid kjem på plass, både i form av utnytting av materiell og krav til scenografar og kostymedesignarar.

Eigedomsdrift: Etatane Riksteatret og Kulturtanken leiger eit felles bygg av Storebrand Assets Management. Desse lokala vart renoverte i 2016 i samband med gjenetablering av leigeforholdet. I samarbeid med gardeigar har det vorte arbeidd for å redusere klimagassavtrykket m.a. gjennom tiltak som fjernvarme, automatiske persiener og tidsstyrt ventilasjon. Partane har òg etablert nye rutinar for avfallshandtering.

IV.5 Kulturelt mangfald

Riksteatret er medvetne med omsyn til kulturelt mangfald, og arbeider med det i mange delar av verksemda, og det skal verte enda tydelegare i ny strategi som er under arbeid:

A. Brukarmangfald - publikumsretta verksemd

Riksteatret har i mange år hatt sideprogram og oppsøkjande verksemd særlig retta mot ungdomsgrupperingar. I 2020 tilsette vi ein eigen fagarbeidar med minoritetsbakgrunn i marknadsavdelinga for å styrke dette arbeidet. Tiltaka vart særlig retta inn mot framsyningane *Tante Ulrikkes vei* og *Blokk til Blokk*. Dessverre har koronasituasjonen lagt store avgrensingar på arbeidet, og vi har måtte avlyse oppsøkjande verksemd rundt framsyningane.

Vi jobbar kontinuerlig med å byggje relasjonar til grupper som tradisjonelt ikkje går på teater. I dette arbeidet har vi samarbeidt tett med aktørar som Raude Kross, Likestillingssentret, Kirkens Bymisjon, HL-senteret, BUP (regionalt) og asylmottak som har avdelingar mange stadar i landet og bidrar med spissa kompetanse inn i lokalsamfunn.

Vi gjennomfører workshops, samtaler og skulebesøk i samband med framsyningane. Slik skaper vi engasjerande og inkluderande møteplassar. I samband med framsyninga *Blokk til Blokk*, hausten 2020 har vi til dømes arrangert skrivekurs for ungdommar i samarbeid med lokale ungdomsklubbar, Fellesverket (Raude Kross) og Kronprinsparets fond.

Riksteatret ynskjer ikkje at billettpolis skal vere til hinder for å gå på teater og tilbyr difor gode rabattordningar. Dei under tretti skal ikkje måtte betale meir for å gå i teatret enn på kino. For å sikre eit teatertilbod til barn og unge, uavhengig av bakgrunn, tilbyr Riksteatret fribillettar til skulelevar over heile landet. Vi har òg samarbeidt med besøkskommunar for å gje billettar til familiar med svak økonomi.

B. Skaparmangfald - Rekruttering

Riksteatret ynskjer å engasjere med «blind casting» blant skodespelarar, altså ein praksis der rollene vert fylte utan omsyn til skodespelarane utsjånad eller andre preferansar. Regissørar vert oppmoda til å tenkje mangfald i rekruttering av både utøvarar og kunstnarlege team (designarar) til prosjekta sine.

I rekrutteringa av utøvarar er vi i god kontakt med det frie og breie feltet av frilanskunstnarar når vi fyller roller eller held prøvespelingar. I 2020 heldt vi mellom anna ei vellukka prøvespeling for ein produksjon som berre ville ha unge utøvarar med etnisk synleg mangfald og spesifikke preferansar i ensemblet.

C. Driftsmangfald - Rekruttering

HR-avdelinga har delteke på kurs om mangfaldsrekruttering, og har alltid dette perspektivet med i alle rekrutteringar til faste stillingar. Teatret er medvetne om å rekruttere personar med annan kulturell bakgrunn, etnisitet eller frå andre minoriteter, eller med erfaring og utdanning frå stader

som er lite representerte. Teatret utøver positiv særhandsaming ved tilsetting i faste stillingar, som mellom anna betyr at personer med anna enn typisk norsklydande namn vert kalla inn til intervju i større grad enn andre. Teatret tilsette til dømes ein person med flykningbakgrunn i fast stilling som fagarbeider i 2020, med start i 2021.

D. Innhaldsmangfold – repertoarpolitikk

Riksteatret sitt repertoar skal vere relevant i høve til mange ulike problemstillingar i samtidia.

Gjennomførte framsyningar i 2020 og planlagde i 2021/22 består av ulike formmessige grep og ei brei vifte av etiske problemstillingar. Vi vil skape ny dramatikk for alle målgrupper og senke terskelen for å gå i teatret. Dette er ein krevjande kombinasjon.

Riksteatret inviterte i 2020 nokre kunstnarar til å pitche idear til framsyningar, og ga støtte til vidare konseptutvikling. Som ei vidareføring av dette vil vi i 2021 starte opp ein arena og ein «konkurranse» der yngre skapande kunstnarar kan pitche nye scenekunstprosjekt og «vinnarane» vil få utveklingsmiddel. Målet er å fange opp stemmer og historier som går under radaren til institusjonane og gjere mangfaldet meir synleg i repertoaret.

Riksteatret arbeider med ein ny strategi der repertoarprofilen skal leggje vekt på breidde og utvida kontaktflater mot nye publikummarar. Vi ønskjer å gi samtidsutrykk større plass på scena, både med omsyn til form og innhald. Et yngre (vakse) publikum kan dermed få fornya fokus, og Riksteatret vil gjerne arbeide med unge kunstnarar som representerer nye trendar i kunsten og samansett fagleg og kulturell bakgrunn. Vi samarbeider òg nært med scenekunstinstitusjonar i heile landet. Geografisk mangfald har alltid vore viktig for Riksteatret. Repertoaret for 2020 og 2021 syner ei tydelegare spissing mot nye målgrupper, både med omsyn til alder og integrering *for å inkludere fleire og motarbeide marginalisering og ekskludering*.

IV.6 Likestilling

Riksteatret har med jamne melomrom gjennomgått verksemda i høve til lønsulikskap eller anna diskriminering på bakgrunn av forskjellar mellom folk. Utover forskjellen skildra i avsnitt under, har teatret ikkje funne noko form for ulik handsaming av arbeidstakrarar som kan kvalifisere som mulige diskrimineringsgrunnlag.

Dei fleste av Riksteatret sine tilsette er omfatta av teatertariffane i Spekter, og ikkje av staten sine tariffer. Riksteatret følgjer desse tariffane ved tilsetting av alle fagarbeidarar på teaterfeltet. Sånn sett vert alle handsama likt, uavhengig av bakgrunn. Men riksteatret opplever at tariffen i seg sjølv har ei ibuande kjønnsdiskriminering ved at yrker som tradisjonelt har vore kvinnedominerte har ein lågare tariffløn enn yrker som historisk har vore mansdominerte. Riksteatret vil ta initiativ til at dette vert retta opp gjennom dei sentrale forhandlingane mellom partane.

Riksteatret erkjenner likevel at det har eit stykke igjen å gå før teatret sine tilsette speglar Noregs befolkning. Dette er ei problemstilling vi arbeider kontinuerlig med, og som er oppe til vurdering under kvar ny tilsetting, og som er skildra nærmare under «mangfold».

Riksteatret budsjetterer teaterproduksjonane deira uavhengig av kven som arbeider på dei. Budsjetta vert ofte lagt før kunstnarleg personale er engasjert. Det tyder at budsjetteringa ikkje vert påverka av kva personar som jobbar på teaterproduksjonane, og at det dermed er nøytralt med omsyn til kjøn, etnisk opphav og andre likestillingsparametrar.

Kjønnsfordelinga på Riksteatret totalt sett er god. Vi opplever likevel at det lokalt i ulike faggrupper er ei ubalanse med tanke på kjøn. Dette er vi klar over, og vi forsøker å bøte på det ved

nyrekutteringar. Kjønnsbalansen lokalt har gjennom dette fokuset betra seg i dei seinare åra. På administrativ side er kjønnsfordelinga god.

	Alle stillingar			Leiarstillingar			Snittløn
	Menn	Kvinner %	Antal	Menn	Kvinner %	Antal	Menn/Kvinner
2020	49%	51%	72	50%	50%	6	557'/549'
2019	47%	53%	76	50%	50%	6	597'/552'

Kjønnsleg fordeling av prosjektilsette innafor den kunstnarlege produksjonen			Kvinner	Menn
Sceneinstruktørar			5	5
Dramatikarar			2	6
Scenografar og kostymedesignarar			9	3
Lys-, lyd- og videodesignarar			4	11
Komponistar			2	3
Koreografar			1	0
Skodespelarar			15	28

Kjønnsleg fordeling for fast tilsette og engasjerte innan stillingskategoriar		Årsverk kvinner	Årsverk menn
Teatersjef		0,0	1,3
Administrativ leiar		0,0	1,0
Kunstnarleg personale		12,0	13,3
Administrativt og teknisk personale		43,1	31,1
Sum årsverk		55,1	46,9

IV.7 Etikk

Ved tilsetting av personale og ved start av teaterproduksjonar, kor alle eksternt engasjerte deltek, får alle ein skriftlig og munnleg informasjon om etiske retningslinjer, varslingsrutinar og liknande, i tillegg til at det vert understreka at vi har nulltoleranse for trakassering. Riksteatret har eigne etiske retningslinjer. Teatret har varslingsrutinar der brot på reglene kan meldast, vidare har vi inngått avtale med Balanse kunsts rådgjevingstelefon for å gi tilsette nok ein kanal å søkje vegleiing gjennom.

Riksteatret arbeider under nøkterne omstende, der organisasjonen er medveten om å bruke midla fornuftig, og kanalisere mest mulig til hovudoppgåva vår: Teaterproduksjon.

IV.8 Revisjonsmerknader frå Riksrevisjonen

Vi har ikkje motteke merknader for revisjonsåret 2019, og har såleis ikkje hatt nokon oppfølgjing i 2020.

V. VURDERING AV FRAMTIDSUTSIKTER

Pandemien, som har hatt stor innverknad på verksemda vår òg, vil medføre ulike utfordringar på kort og lang sikt. På kort sikt, inneverande år, ser våren 2021 ut til å resultere i færre visningar på turné, fleire avlysingar og utsetjingar. Ein merkbar reduksjon i publikumstalet må vi rekne med at det blir, men vi satsar på å gjennomføre turnéverksemda så godt det let seg gjere.

Prøveperiodane (mellanom åtte og ti veker med skodespelarar og kunstnarleg team i same rom) er omfatta av strengt smittevern, noko som gjer at dei generelt må forlengjast for å oppnå kunstnarleg, praktisk og HMS-grunna kvalitet. Dette er omstende som òg kan måtte gjelde produksjonar fram i tid.

Korleis hausten 2021 vert, er uklart. Vi ser ei endring i atferd hos publikumsgruppene våre, vi sel billettar tettare opp til framsyningstidspunkt, færre førehandstingingar, og meir uttrykt skepsis til å utsetje seg for dette gruppearrangement, sjølv om smittesituasjonar ikkje er påviste i teatersamanheng så langt.

Vaksinering av eit fleirtal i befolkninga kan bety ein gradvis normalisering av kvardagen vår. Likevel vurderer vi det som sannsynleg at det blant våre publikummarar vil henge igjen ein forsiktigheit og nye etterhald mot å delta i sosiale settingar, som kan tyde lågare publikumtal i ein ny «normal», også etter at samfunnet offisielt er friskmeldt for covid-19.

Vi vil måtte planlegge med fleire usikre faktorar enn før mars 2020, noko som utfordrar tilhøvet mellom eigenintekter og påreknelege utgifter.

Det kan verte naudsynt å flytte ferdige produksjonar, meint for turné våren 2021, til faktisk avvikling i 2022, noko som igjen tyder forskyving av allereie planlagde produksjonar i 2022 til 2023.

Med dette som bakgrunn ynskjer vi likevel at scenekunst av høg kvalitet skal vere tilgjengeleg i heile landet, innafor rimeleg reiseavstand for publikum. Dette botnar i ei solid forståing av kor viktig og relevant det er å å oppretthalde og utvikle eit profesjonelt teatertilbod for folk der dei er busette, uansett regionale politiske prioriteringar og avgjerder.

Det levande møtet med utøvd kunst lokalt kjem til å auke i verdi for publikummet vårt nettopp fordi teater kan innehå kvalitetar i sann tid, i samtid, i same rom basert på analogt samvær med utøvarane, i kontrast til opplevelingar som ein berre får via skjermbaserte medium.

Vi vil auke samarbeidet med kunstnarar med annan kompetanse og bakgrunn for å finne nye kunstnarlege grep, utvide paletten vår og verkemidla våre, verte eit meir relevant teatertilbod og undersøkje kva teater kan utvikle seg til framover. For å ligge i forkant av kva eit turnéteater kan tilby vil vi forske i tekniske nyvinningar som vert nytta i scenerommet, i sal og gjennom eksisterande infrastrukturar.

Vi vil fortsette samarbeidet med Kulturtanken om eit VR-basert (virtuell realitet) teaterprosjekt. Vi er i oppstarten av å finne faktiske kvalitetar for levande teater der utøvarar og publikummarar er i same digitale rom med interaktive og samtalande verkemiddel. Vi er ògi kontakt med andre kompetente fagmiljø som utforskar korleis scenekunst kan verte levande i rom som foreløpig er eigm og utvikla av spelindustrien. Her ligg det sjansar for ein ny scenekunst der det er avgjerande at profesjonelle scenekunstinstitusjonar er med i utviklinga for å sikre kvalitet og relevans, at den VR-baserte scenekunsten finn og får eit publikum med reelt teater i VR-formatet, som òg kan kombinerast med stadspesifikk framsyning, og i tillegg vere eit deltarutvidande muligheitsrom.

For å kunne auke tilbodet både i kvantitet og kvalitet leiter vi etter, og forsøker å utvikle, nye handlingsrom gjennom samproduksjonar, samarbeid, sponsor og publikumsutvikling, nye

kommunikasjonsflater, nye produksjonsmodellar og sceniske grep. I framtida vil dette gje utteljing og vitalisere tilboda våre ytterlegare.

Å utvikle ny scenekunst av høg kvalitet er krevjande og samstundes naudsynt om teatret som arena for utvidande og utdjupande teater skal vere interessant for publikum og scenekunstnarar. Når vi òg vil invitere og nå publikum som det per dags dato er få av i salane – ungdom, studentar, unge vaksne og nye landsmenn – må vi prioritere måla våre og vekte innsatsen innafor realistiske økonomiske rammer.

Ulike tiltak for inkluderande publikumsretta verksemd vil bli utvida, og her ser vi at Riksteatret skal ligge i front i samarbeid med lokale arrangørar og kulturhus. Programmeringsprofilen til Riksteatret vil difor ivareta mange omsyn, også med tanke på ei representativ samansetjing av kunstnarlege team og utøvarar.

Å tilhøyre samtida/framtida, og å utvikle, legge til rette for ein auka opplevd relevans av scenekunsten, å utvide vifta av teatertilbod for fleire, å vere pådrivar for korleis eit landsdekkande turnéteater kan verte utvikla til å bli ein enda viktigare deltagar i demokrati og ytringsmangfald er viktige oppgåver. Med dette følgjer naudsynte justeringar av kva slags inntekter ein kan vente. Vi ser høve for styrking og nytenking med omsyn til marknadsføring og kommunikasjonsverksemd, og nødvendigheita av å kunne ha fleire ulike spelearenaer, òg på stadar Riksteatret så langt ikkje har turnert.

For å bli ei grønare verksemd vil vi først greie ut tiltak knytta til transport og deretter gjennomføre endringar. Vidare er gjenbruk og standardløysingar for scenografi og materiell eit område vi kan effektivisere. Samarbeid med lokale arrangørar med fokus på grøne tiltak skal prioriterast. Vi ser behov for ei gjennomgripande bevisstgjering med tanke på miljøomsyn for alle lekkjer i organisasjonen, noko som igjen skal føre til fornuftige tiltak og val.

Riksteatret kan i større grad forme teaterkunst for barn og unge (og vaksne) som aktivt nyttar interaktivitet (digitalt og analogt) mellom sceneaktørar og publikum som grep, teater som anerkjenner alle i rommet og deira evne til å delta. Her kan vi initiere samarbeid med kompetansemiljø som òg kan utvide formidling av teaterkunst i forkant av arrangementet, under sjølve framføringa og legge til rette for etterarbeid i ein fordjupingskontekst.

Organisasjons- og produksjonsmodellen, i tillegg til den unike turnékompetansen vår gjer oss i stand til enkelt å utvide volumet, og enkelt utvide vårt virke til òg å inkludere dagframstillingar retta mot skuleelevar. Dette kan ikkje skje på kostnad av kveldstilbodet vi allereie gir teaterpublikum over heile landet.

Arne Nøst

VI. ÅRSREKNESKAP

Rekneskapen for 2020 følger som vedlegg. Kommentarane under er relaterte til dette vedlegget. Merk at løyvinga til teatret er delt mellom post 01 og 21. Riksteatret fører rekneskapen i samsvar med kontantprinsippet, slik det kjem fram av prinsippnota til årsrekneskapen. I det følgjande er tal frå kontantrekneskapen brukt der ikkje anna er oppgitt.

Årsrekneskapen er levert i samsvar med Reglar om økonomistyring i staten, rundskriv R-115 frå Finansdepartementet og krav frå Kulturdepartementet i instruks om økonomistyring. Riksrevisjonen er ekstern revisor og stadfestar årsrekneskapen for Riksteatret. Årsrekneskapen er ikkje ferdig revidert per d.d., men vi regner med at revisjonsmeldinga vert lagt fram i løpet av andre kvartal 2021. Meldinga vert publisert på Riksteatret sine nettsider så snart den er motteke.

Årsrekneskapen for Riksteatret gir eit dekkande bilet av teatrets disponible løyvingar og av rekneskapsførte utgifter, inntekter, eignelutar og gjeld.

Netto mindreutgifter i 2020 var 19,076 mill. Vi har søkt Kulturdepartementet om å få overføre heile denne summen til 2021-ramma. Overført beløp frå tidlegare år ved inngangen til 2020 var 18,152 mill.

Billettinntekter, medfinansiering frå samarbeidande teater, sponsorbidrag og andre inntekter:

2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
25,0	26,1	22,2	21,6	31,7	38,1	34,6	31,1	10,9

(tal i millionar)

Billettinntekter (internrekneskapstal):

2012	2013	2014	2015	2016	2017	2018	2019	2020
18,7	19,3	17,4	16,7	24,1	33,4	28,6	25,1	6,1

(tal i millionar)

Oslo, 15.3.2021

Arne Nøst

Riksteatersjef

Stephan L. Jervell

Styreleiar

VI.1 Prinsippnote årsrekneskapen

Årsrekneskapen for Riksteatret er utarbeida og levert etter nærare retningslinjer gitt i Avgjelder om økonomistyring i staten («avgjerdene»), fastsett 12. desember 2003 med endringar, seinast 23. september 2019. Årsrekneskapen er i samsvar med krav i avgjerdene punkt 3.4.1, nærare retningslinjer i Finansdepartementets rundskriv R-115 av 17. desember 2019 og eventuelle tilleggskrav fastsett av overordna departement.

Oppstillinga av løvvingsrapporteringa og artskontorrapporteringa er utarbeida med utgangspunkt i avgjerdene punkt 3.4.2 – Grunnleggjande prinsipp for årsrekneskap:

- a) Rekneskapen følgjer kalenderåret
- b) Rekneskapen inneholder alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret
- c) Utgifter og inntekter er førte i rekneskapen med brutto beløp
- d) Rekneskapen er utarbeida i tråd med kontantprinsippet

Oppstillinga av løvvings- og artskontorrapporteringa er utarbeida etter dei same prinsippa, men gruppert etter ulike kontoplaner. Prinsippa korresponderer med krav i avgjerdene punkt 3.5 til korleis verksemndene skal rapporterast til statsrekneskapen. Sumlinjen “Netto rapportert til løvvingsrekneskapen” er lik i både oppstillingane.

Riksteatret er tilknytta Statens konsernkontoordning i Noregs Bank i samsvar med krav i avgjerdene pkt. 3.7.1. Riksteatret er ei bruttobudsjettet verksemd og vert ikkje tilført likviditet gjennom året, men har rett til å trekke på teatret sin konsernkonto. Ved årsslutt vert saldoen på den einskilde oppgjørskontoen null ved overgang til nytt år.

Løvvingsrapporteringa

Oppstillinga av løvvingsrapporteringa omfattar ein øvre del med løvvingsrapporteringa og ein nedre del som syner kassesummane Riksteatret står oppført med i kapitalrekneskapen.

Løvvingsrapporteringa syner rekneskapstal som Riksteatret har rapportert til statsrekneskapen. Det er stilt opp etter dei kapitla og postane i løvvingsrekneskapen som Riksteatret har fullmakt til å disponere. Kolonnen samla tildeling syner kva Riksteatret har fått stilt til disposisjon i tildelingsbrev av 10.01.20, samt i supplerande tildelingsbrev av 17.04.20, 25.06.20 og 22.12.20, for kvar kombinasjon av kapittel og post. Oppstillinga syner i tillegg alle finansielle eignelutar og plikter Riksteatret står oppført med i statens kapitalrekneskap.

Artskontorrapporteringa

Oppstillinga av artskontorrapporteringa har ein øvre del som syner kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder, og ein nedre del som syner eignelutar og gjeld som inngår i mellomverande med statskassa.

Artskontorrapporteringa syner rekneskapstal Riksteatret har rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder. Riksteatret har trekkrett for disponible løvvinger på konsernkonto i Noregs Bank. Løvvinga skal ikkje førast som inntekt og vert difor ikkje synt som inntekt i oppstillinga.

VI.2 Løyvingsrapportering med noter

Utgiftskapittel	Kapittelnavn	Post	Posttekst	Note	Samlet tildeling	Regnskap 2020	Merutgift (-) og mindreutgift
0323	Driftsutgifter	✓	01		89 061 000	85 271 118	3 789 882
0323	Spesielle driftsutgifter	✓	21		62 080 000	47 581 685	14 498 315
<i>Sum utgiftsført</i>					151 141 000	132 852 803	

Inntektskapittel	Kapittelnavn	Post	Posttekst	Samlet tildeling	Regnskap 2020	Merinntekt og mindreinntekt(-)
3323	Ymse inntekter	✓	01	345 000	151 108	-193 892
3323	Billett- og salgsinntekter mm	✓	02	9 772 000	10 753 675	981 675
5309	Tilfeldige inntekter	✓	29	0	122 539	
5700	Arb.giver avgift	✓	72	0	9 259 265	
<i>Sum inntektsført</i>				10 117 000	20 286 587	

Netto rapportert til bevilgningsregnskapet **112 566 216**

Kapitalkontoer

60047801	Norges Bank KK /innbetalinger	12 447 065
60047802	Norges Bank KK/utbetalinger	-125 476 828
703804	Endring i mellomværende med statskassen	463 547

Sum rapportert 0

Beholdninger rapportert til kapitalregnskapet (31.12)

		31.12.2020	31.12.2019	Endring
xxxxxx	[Aksjer]	0	0	0
703804	Mellomværende med statskassen	-2 566 096	-3 029 643	463 547

Note A Forklaring av samlet tildeling utgifter

Kapittel og post	Overført fra i fjor	Årets tildelinger	Samlet tildeling
032301	1 262 000	87 799 000	89 061 000
032321	16 890 000	45 190 000	62 080 000
332301		-345 000	-345 000
332302		-9 772 000	-9 772 000

Note B Forklaring til brukte fullmakter og beregning av mulig overførbart beløp til neste år

Kapittel og post	Stikk ord	Merutgift(-)/mindre utgift	Utgiftsført av andre iht. avgitte belastningsfullmakter(-)	Merutgift(-)/mindreutgift etter avgitte belastningsfullmakter	Merinntekter / mindreinntekter (-) iht. merinntektsfullmakt	Omdisponering fra post 01 til 45 eller til post 01/21 fra neste års bevilgning	Innsparinger(-)	Fullmakt til å overskride bevilgning med overtid, reisetid og time lønn for november 2020*	Sum grunnlag for overføring	Maks. overførbart beløp	Mulig overførbart beløp beregnet av virksomheten
032301		3 595 989		3 595 989				3 595 989	5% av tildeling	3 595 989	
032321		14 498 315		14 498 315				14 498 315		14 498 315	
332302					981 675			981 675		981 675	

VI.3 Artskontorrapportering med noter

	Note	2020	2019
Driftsinntekter rapportert til bevilningsregnskapet			
Innbetalinger fra gebyrer	1	0	0
Innbetalinger fra tilskudd og overføringer	1	588 375	964 208
Salgs- og leieinnbetalinger	1	8 570 786	26 475 470
Andre innbetalinger	1	1 745 622	4 023 039
<i>Sum innbetalinger fra drift</i>		10 904 783	31 462 717
Driftsutgifter rapportert til bevilningsregnskapet			
Utbetalinger til lønn	2	75 671 988	83 144 265
Andre utbetalinger til drift	3	54 227 458	70 283 951
<i>Sum utbetalinger til drift</i>		129 899 446	153 428 216
Netto rapporterte driftsutgifter		118 994 663	121 965 499
Investerings- og finansinntekter rapportert til bevilningsregnskapet			
Innbetaling av finansinntekter	4	0	0
<i>Sum investerings- og finansinntekter</i>		0	0
Investerings- og finansutgifter rapportert til bevilningsregnskapet			
Utbetaling til investeringer	5	2 942 161	3 704 646
Utbetaling til kjøp av aksjer	5,8B	0	0
Utbetaling av finansutgifter	4	11 196	16 372
<i>Sum investerings- og finansutgifter</i>		2 953 357	3 721 018
Netto rapporterte investerings- og finansutgifter		2 953 357	3 721 018
Innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten			
Innbetaling av skatter, avgifter, gebyrer m.m.	6	389	0
<i>Sum innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten</i>		389	0
Tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten			
Utbetalinger av tilskudd og stønader	7	0	0
<i>Sum tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten</i>		0	0
Inntekter og utgifter rapportert på felleskapitler			
Gruppelivsforsikring konto 1985 (ref. kap. 5309, inntekt)		122 150	128 486
Arbeidsgiveravgift konto 1986 (ref. kap. 5700, inntekt)		9 259 265	10 238 014
Nettoføringsordning for merverdiavgift konto 1987 (ref. kap. 1633, utgift)		0	0
<i>Netto rapporterte utgifter på felleskapitler</i>		-9 381 415	-10 366 499
Netto rapportert til bevilningsregnskapet		112 566 216	115 320 018

Oversikt over mellomværende med statskassen

	2020	2019
Eiendeler og gjeld		
Fordringer	335 088	133 884
Kontanter	11 878	0
Bankkontoer med statlige midler utenfor Norges Bank	0	0
Skyldig skattetrekk og andre trekk	-2 891 667	-3 210 032
Skyldige offentlige avgifter	-2 595	48 352
Annен gjeld	-18 800	-1 847
<i>Sum mellomværende med statskassen</i>	8	-2 566 096
		-3 029 643

Note 1 Innbetalinger fra drift

	31.12.2020	31.12.2019
<i>Innbetalinger fra gebyrer</i>		
Sum innbetalinger fra gebyrer	0	0
<i>Innbetalinger fra tilskudd og overføringer</i>		
Tilskudd og overføringer fra organisasjoner og stiftelser	33 000	290 000
Gaver og gaveforsterkningsmidler	555 375	674 208
Sum innbetalinger fra tilskudd og overføringer	588 375	964 208
<i>Salgs- og leieinnbetalinger</i>		
Inntekter fra oppdragsvirksomhet, avgiftspliktig	63 705	18 981
Sponsorinntekter, avgiftspliktig høy sats	140 000	350 000
Salgsinntekt forestillingsprogram m.v., utenfor avgiftsområdet	0	59 945
Billettinntekter, utenfor avgiftsområdet	7 691 078	24 756 240
Sponsorinntekter, utenfor avgiftsområdet	672 500	1 145 000
Diverse tilfeldige inntekter (diverse inntekter post 01 - 29)	3	4
Leieinntekt fast eiendom, unntatt avgiftsplikt	0	143 700
Leieinntekt andre varige driftsmidler, avgiftspliktig	3 500	1 600
Sum salgs- og leieinnbetalinger	8 570 786	26 475 470
<i>Andre innbetalinger</i>		
Refusjon fra samarbeidspartner, utenfor avgiftsområdet	1 694 722	3 897 039
Salg av brukt utstyr, avgiftsfritt	50 900	126 000
Sum andre innbetalinger	1 745 622	4 023 039
Sum innbetalinger fra drift	10 904 783	31 462 717

Note 2 Utbetalinger til lønn

	31.12.2020	31.12.2019
Lønn	59 673 830	64 897 627
Arbeidsgiveravgift	9 259 265	10 238 014
Pensjonsutgifter*	6 642 500	6 913 749
Sykepenger og andre refusjoner (-)	-2 310 800	-1 868 045
Andre ytelsjer	2 407 193	2 962 920
Sum utbetalinger til lønn	75 671 988	83 144 265
Antall utførte årsverk:	102	107,9

* Nærmere om pensjonskostnader

Pensjoner kostnadsføres i resultatregnskapet basert på faktisk påløpt premie for regnskapsåret. Premiesats for 2020 er 12 prosent. Premiesatsen for 2019 var 12 prosent.

Note 3 Andre utbetalinger til drift

	31.12.2020	31.12.2019
Husleie	13 587 694	13 196 721
Vedlikehold egne bygg og anlegg	0	0
Vedlikehold og ombygging av leide lokaler	1 682 331	1 785 966
Andre utgifter til drift av eiendom og lokaler	1 333 219	1 532 672
Reparasjon og vedlikehold av maskiner, utstyr mv.	156 034	210 728
Mindre utstyrsanskaffelser	4 531 449	5 003 123
Leie av maskiner, inventar og lignende	2 082 857	1 601 244
Kjøp av konsulenttjenester	2 634 482	3 890 938
Kjøp av andre fremmede tjenester	2 821 234	3 175 873
Reiser og diett	14 777 063	22 985 363
Øvrige driftsutgifter	10 621 094	16 901 321
Sum andre utbetalinger til drift	54 227 458	70 283 951

Note 4 Finansinntekter og finansutgifter

	31.12.2020	31.12.2019
<i>Innbetaling av finansinntekter</i>		
Renteinntekter	0	0
Valutagevinst	0	0
Annen finansinntekt	0	0
Sum innbetaling av finansinntekter	0	0

	29.12.2020	31.12.2019
<i>Utbetaling av finansutgifter</i>		
Renteutgifter	11 196	16 372
Valutatap	0	0
Annen finansutgift	0	0
Sum utbetaling av finansutgifter	11 196	16 372

Note 5 Utbetaling til investeringer og kjøp av aksjer

	31.12.2020	31.12.2019
<i>Utbetaling til investeringer</i>		
Immaterielle eiendeler og lignende	82 798	146 178
Tomter, bygninger og annen fast eiendom	0	0
Infrastruktureiendeler	0	0
Maskiner og transportmidler	2 220 750	2 893 230
Driftsløsøre, inventar, verktøy og lignende	638 614	665 238
Sum utbetaling til investeringer	2 942 161	3 704 646

	31.12.2020	31.12.2019
<i>Utbetaling til kjøp av aksjer</i>		
Kapitalinnskudd	0	0
Obligasjoner	0	0
Investeringer i aksjer og andeler	0	0
Sum utbetaling til kjøp av aksjer	0	0

Note 6 Innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten

	31.12.2020	31.12.2019
Tilfeldige og andre inntekter (kto. 5309 29 i statens kontoplan)	389	0
Sum innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten	389	0

Note 7 Tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten

	31.12.2020	31.12.2019
Sum tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten	0	0

Note 8 Sammenheng mellom avregning med statskassen og mellomværende med statskassen.

Del A Forskjellen mellom avregning med statskassen og mellomværende med statskassen

	31.12.2020 Spesifisering av <u>bokført</u> avregning med statskassen	31.12.2020 Spesifisering av <u>rapportert</u> mellomværende med statskassen	Forskjell
Finansielle anleggsmidler			
Investeringer i aksjer og andeler	0	0	0
Obligasjoner	0	0	0
<i>Sum</i>	0	0	0
Omløpsmidler			
Kundefordringer	226 355	0	226 355
Andre fordringer	332 278	335 088	-2 810
Bankinnskudd, kontanter og lignende	11 878	11 878	0
<i>Sum</i>	570 511	346 966	223 545
Langsiktig gjeld			
Annen langsiktig gjeld	0	0	0
<i>Sum</i>	0	0	0
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld	191	0	191
Skyldig skattetrekk	-2 891 667	-2 891 667	0
Skyldige offentlige avgifter	-2 595	-2 595	0
Annen kortsiktig gjeld	-18 800	-18 800	0
<i>Sum</i>	-2 912 871	-2 913 062	191
Sum	-2 342 360	-2 566 096	223 736

VI.4 Scenestatistikk 2020

Scenestatistikk		2020
Forestillinger		
1.1	Totalt antall forestillinger	215
1.1.1	Antall forestillinger på egen scene/fast arena	215
1.1.2	Antall forestillinger på turné i Norge	184
1.1.3	Antall mottatte gjestespill	0
1.1.4	Antall forestillinger av samproduksjoner formidlet av samarbeidspartner	12
1.1.4	Antall forestillinger i utlandet	0
1.1.5	Antall forestillinger rettet mot barn og unge	94
1.1.6	Antall direkteoverføringer/filmmatiseringer	3
1.1.7	Antall forestillinger formidlet gjennom Den kulturelle skolesekken	4
Produksjoner		
2.1	Totalt antall produksjoner (tre digitale produksjoner er ikke inkludert i summen)	10
2.1.1	Antall egne produksjoner (inkl. samproduserte prosjekter)	7
2.1.2	Antall innkjøpte produksjoner	3
2.1.3	Antall mottatte gjestespill	0
2.1.4	Antall produksjoner rettet mot barn og unge	5
2.1.5	Antall urframføringer	2
2.1.6	Antall produksjoner av norsk samtidsdramatikk/opera/musikkteater skrevet i løpet av de siste 15 år	6
2.1.8	Antall produksjoner av utenlandsk samtidsdramatikk/opera/musikkteater skrevet i løpet av de siste 15 år	1
2.1.9	Antall produksjoner med norsk samtidsdramatikk/opera/musikkteater rettet mot barn og unge	5
2.1.10	Antall produksjoner av ny norsk koreografi	0
2.1.11	Antall produksjoner av ny utenlandsk koreografi	0
Publikum		
3.1	Totalt antall publikum	35 116
3.1.1	Antall publikum på billetterte arrangement	34 545
3.1.1.1	Herav fribilletter	1 908
3.1.1.2	Herav sponsorbilletter	867
3.1.2	Antall publikum på egen scene/fast arena	35 116
3.1.3	Antall publikum på turnéforestillinger i Norge	30 722
3.1.4	Antall publikum på samproduksjoner formidlet av samarbeidspartner	5 148
3.1.5	Antall publikum i utlandet	0
3.1.6	Antall publikum på egenproduserte produksjoner	37 733
3.1.7	Antall publikum på mottatte gjestespill	0
3.1.8	Antall publikum på forestillinger rettet mot barn og unge	13 506